

Lindås kommune

Ber om at brevet vert distribuert til:

Ordførar
Rådmann

Kommunennummer: 1263

Dykkar ref:

Vår ref:
18-07687

Dato:
12.12.2018

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2019

Busetting er første steg i integreringsprosessen i kommunen. Norske kommunar, mellom anna Lindås kommune, har dei siste åra gjort ein god innsats med busetting og kvalifisering av flyktningar.

Kunnskapsdepartementet har bestemt eit sett med kriterium for oppmoding om busetting i 2019. IMDi har, i samarbeid med KS, vurdert oppmodingstalet til kommunane i samband med desse kriteria.

På bakgrunn av dette, ber Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) om at Lindås kommune busetter 14 flyktningar i 2019.

Handsaming av oppmodinga

Det må kome tydeleg fram av vedtaket kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette. Vi oppfordrar kommunen til å fatte vedtak i tråd med talet på oppmodinga. Dette medverkar til at busettinga går raskare og vil korte ned ventetida for den einskilde flyktning. Vedtaket skal ikkje inkludere familiesameinte eller ha andre atterhald.

Svar på oppmodinga

Frist for å svare på oppmodinga er 15. februar 2019.

Vi ber kommunen om å:

- sende vedtaket sitt til post@imdi.no med kopi til KS ved nina.gran@ks.no
- registrere vedtakstalet i IMDi sitt fagsystem for busetting (Imdinett). For tilgang til fagsystemet og meir informasjon, sjå <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/>

Bakgrunn for tala

Dei nyaste prognosane viser at det er naudsynt å busette om lag 5 350 flyktningar i Noreg i 2019, inkludert 150 einslege mindreårige kor av 40 under 15 år.

Det berekna busettingsbehovet har bakgrunn i:

- prognosar over talet på asylsøklarar til Noreg
- prognosar over talet på innvilga asylsøknadar
- Stortinget sitt vedtak om tal på overføringsflyktningar
- Andre internasjonale forpliktingar

Prognosane kan variere gjennom året. Det er difor viktig at kapasiteten til å busette flyktningar kan justerast i tråd med behovet. Personar som er søkt ut til kommunen i 2018 og vert registrert som busett over nyttår, tel på kommunen sitt vedtak for 2019.

Flyktningar med behov for oppfølging

Nokre flyktningar har eit særskilt behov for oppfølging knytt til funksjonsnivået sitt. Kommunar som busetter flyktningar kan difor rekne med at ein skilde personar som skal busettast har særskilte behov. IMDi har ei eiga tilskotsordning for å dekke eventuelle ekstraordinære utgifter som kommunen har som følgje av busettinga. Les meir om dette på IMDi sine nettsider: <https://www.imdi.no/tilskudd/tilskudd-funksjonshemminger-atferdsvansker/>

Kontakt

Ta kontakt med IMDi Vest dersom dykk har spørsmål om oppmodinga. IMDi deltek gjerne i dialog med kommunen, også i samarbeid med andre aktuelle statlege aktørar.

Med helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Ohene Aboagye
regiondirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og treng difor ikkje signatur.